



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

Vår ref.: 2006/3200


Dykkar ref: 02/3676 SL

Arkivnr.: 121

id/rla

Vår dato: 18.05.2006

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 Oslo



## Høyring - forslag til reorganisering av skatteetaten

Fylkesmannen viser til brev av 13.03.06 der det er bede om eventuell fråsegn til Skattedirektoratet sitt forslag til reorganisering av skatteetaten.

I utgreiinga "Den nye skatteetaten Effektiv og imøtekommende" tilrår Skattedirektoratet ei relativt omfattande omstrukturering av skatteetaten. Dette inneber mellom anna færre forvaltningsnivå (Skattedirektoratet og det regionale nivået), samanslåing av einingar, spesialisering og arbeidsdeling (riksdekkande kompetanse på alle regionale skattekontor), delegering av oppgåver frå Skattedirektoratet til det regionale nivået og eit regionale nivå som består av fleire fylke, totalt fem regionar. Regionsjefen er tenkt plassert sentralt i regionen, og i den fylkeshovudstaden som har dei største skattemessige utfordringane. For Vestlandet sitt vedkomande vil Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane utgjere ein region, med regionsjefen plassert i Bergen.

Som grunngjeving for forslaget er det mellom anna peikt på at skatteforvaltninga i dag er oppdelt og uoversiktleg. Dessutan har publikum sin kontakt med skattestyresmaktene endra karakter dei siste åra, mellom anna ved omfattande bruk av elektroniske tenester. Vidare grunngjев Skattedirektoratet forslaget sitt med behov for effektiv og fleksibel oppgåveløsing, arbeidsfordeling og spesialisering. Noko som igjen er grunngitt med nye utfordringar som følgje av utvikling innan arbeids- og skattekriminalitet og globalisering av økonomi og handel.

Fylkesmannen har ikkje vanskar med å sjå at det er behov for å ta nye skritt for forenkling, effektivisering og spesialisering av skatteetaten som følgje av utvikling elles i samfunnet – både nasjonalt og internasjonalt. Vi har heller ikkje vanskar med å sjå at fleire av dei tilrådde tiltaka vil kunne gje ønska resultat.

Fylkesmannen har såleis ikkje vesentlege merknader til hovudstrukturen i forslaget. Fylkesmannen har likevel særskilt merka seg forslaget om regioninndeling. Her går Skattedirektoratet innfor ei samanslåing av fylkeskontora til fem regionar. Dette er grunngitt med behov for større operative kapasitet og fleire spesialiserte fagmiljø, tilpassa behovet i den enskilde regionen.

Fleire statsetatar har dei siste åra organisert seg i større regionar. Ofte er denne regionaliseringa grunngitt med behov for ressurssparing og effektivisering. Regionaliseringa har stort skjedd sektorvis og uavhengig av kvar andre og utan grundig vurdering av forholdet

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	51568700 51568811	postmottak@fmro.no Heimeside: <a href="http://www.fylkesmannen.no/rogaland">www.fylkesmannen.no/rogaland</a>	Lagårdsv. 80 Postboks 59 4001 Stavanger	51568700 Telefaks: 51568811

til dagens fylkesgrenser, samordning med andre statsetatar eller felles regiongrenser. Utgreiinga frå Skattedirektoratet drøftar heller ikkje desse problemstillingane. I utgreiinga viser ein rett nok til at forslaget om fem skatteregionar samsvarar med andre regiongrenser som helseregionane og vegvesenet. Dette er etatar der samordningsbehovet med skatteetaten truleg er lite. Vi går ut frå at samordningsbehovet vil vere monaleg større med til dømes politiet, tollvesenet, trygdeetaten, fiskeriforvaltninga og fylkesmannen. Dette er alle etatar med ei anna regioninndeling enn det Skattedirektoratet tilrår. Vi oppfattar forslaga i utgreiinga slik at sjølv med ei samanslåing til større regionar, så vil skatteforvaltninga i fylka/fylkeshovudstaden stort sett ha same omfang og oppgåver som i dag, i tillegg til eventuelle riksdekkande oppgåver. Ut frå dette og det som er sagt uttalt ovanfor, er vi usikre på om regionaliseringa vil ha den effekten Skattedirektoratet ønskjer.

Parallelt med arbeidet med omstrukturering av skatteetaten arbeider regjeringa med ei relativt omfattande forvaltningsreform, som mellom anna tek for seg organisering av den regionale staten. Fylkesmannen rår til at spørsmålet om regionalisering av skatteetaten får ei grundigare vurdering enn det som er gjort i utgreiinga frå Skattedirektoratet. I alle høve må spørsmålet sjåast i samanheng med vurderingar og konklusjonar i ovanfor nemnde forvaltningsreform.

Med helsing

*Tora Aasland*

Tora Aasland

*Harald Thune*  
Harald Thune  
ass. fylkesmann